Inge Herman Rydland
Knapstadveien 18
1823 Knapstad
e-post: ihrydland@gmail.com
mob: 41279370

11. mars 2014

Lindås kommune
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Att: Areal og Miljø

## Rydland 173/3: Reparasjon og ombygging av gjødselkjellar («mottinga»)

Driftsbygningen på Rydland 173/3 forfell. Hovudårsaka til dette er att taket no byrjar sleppa inn vatn i større mengder. Då eg ikkje kan leva med at det skal verta enno ei ruin langs vegen. Har eg starta arbeidet med å laga planar for reparasjon og delvis ombygging for å sikra ein tilstrekkeleg standard. Det fyrste prosjektet er gjødselkjellaren eller «mottinga», som har kome lengt i forfallet.

Eg har tømt kjellaren frå gamal gjødsel. Planen er å fylla kjellaren med stein slik at det vert eit plant golv, og å ta av det gamle taket og byggja nytt. Det vil gjera mottinga om til noko eg kan bruka, og framfor allt, sikra at bygningen ikkje felle saman.

Det ligg ved skisser til korleis det ser ut i dag, og kva er tenkjer meg for reparasjonar og endringar i frontveggen: Heilt kort går det ut på å lyfte fronten 120 cm, og kle veggen med panel. Eg set inn nokre vindaugo for lys. Hovudreparasjonen gjeld taket. Der vert asbestplatene forskriftsmessig tekne ned, og erstatta med nye og moderne takplater. Eg beheld naturlegvis den gamle steinmuren mot vest.

I samband med at det no vert søkt om registrering i Brønnøysund for skogsveg Svekanen, vil det vera naudsynt å få løa opp i ein standard slik at eg kan bruka henne når arbeidet med skogen set i gong. Ber difor om at denne søknaden vert vurdert so raskt som mogeleg. Mellom anna treng eg råd om kven som skal ha nabovarsel, om nokon.

Med venleg helsing

Inge Herman Rydland
grunneigar

| | |
|---|---|
| **Prosjekt:** | Reparasjon/ombygging av «motting» |
| **Adresse:** | Rydland 173/3, Seimstranda 209 |
| **Eier:** | Inge Herman Rydland ( mob.41279370) |
| **Skala: 1:2** | Tegn: ihr- mars 2014 Nr. ..1... |




Inge Herman Rydland

| | |
|---|---|
| **Prosjekt:** | Reparasjon/ombygging av «motting» |
| **Adresse:** | Rydland 173/3, Seimstranda 209 |
| **Eier:** | Inge Herman Rydland ( mob.41279370) |
| **Skala: 1:2** | Tegn: ihr- mars 2014 Nr. 2 |




Inge Herman Rydland

| | |
|---|---|
| **Prosjekt:** | Reparasjon/ombygging av «motting» |
| **Adresse:** | Rydland 173/3, Seimstranda 209 |
| **Eier:** | Inge Herman Rydland ( mob.41279370) |
| **Skala: 1:2** | Tegn: ihr- mars 2014 Nr. 3 |




*Inge Herman Rydland*